



Midt-Telemark kommune





Innhald

1. Samanstilling	2
2. Gjennomføring	3
3. Metode for konsekvensutgreiing	3
4. Metode for ROS-analysen	4
4.1 Kort omtale av metodikken og kunnskapsgrunnlag.....	4
4.2 Vurdere risiko og sårbarheit (sannsyn/konsekvens/uvisse).....	4
5. Vurdering av risikoar i enkeltområde.....	5
6. Klimaeffekten av arealbruksendringa	7
6.1 Myrer og karbonlagre.....	7
6.2 Anslått klimaeffekt av arealbruksendringa i innspelsområder	7
7. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for innspelsområda	0
7.1 Jønnbuflåtin, gnr./bnr. 9/86, innspelsnr. 1	0
7.2 Torillstul/Aamotdalen, gnr./bnr. 10/10, innspelsnr. 9	3
7.3 Grostul, gnr./bnr. 18/117, innspelsnr. 11	8
7.4 Bøkstulliane (H8), gnr./bnr. 9/467, innspelsnr. 18.....	12
7.5 Solskinsdalen, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 34/38-1.....	16
7.6 Knarlivegen, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 34/38-2.....	20
7.7 Jønnbulia, gnr./bnr. 9/38, 9/200 og 9/201, innspelsnr. 34/38-3	25
7.8 Solskinsdalen, gnr./bnr. 9/166, innspelsnr. 5.....	29
7.9 Torilstull, gnr./bnr. 10/121, innspelsnr. 27	32
7.10 Gamle skistall, gnr./bnr. 18/6, innspelsnr. 45	35
7.11 Vinterland, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 15	38
7.12 Kalveliane, gnr./bnr. fleire,innspelnr. 6 og 44.....	41
Vedlegg 1: Kunnskapsgrunnlag	44
Vedlegg 2: Vurderingskriteria for verdi og omfang.....	48





1. Samanstilling

Under visast arealinnspelet som er vurdert i denne revideringa av kommunedelplan for Lifjell

Tabell 1. Samanstilling av utgreiinga for alle foreslåtte utbyggingsområda med tilråding og eventuelle vilkår

Innspeleinr.	Namn	Føremål	Tilrådd	Vilkår
1	9/86 – Jønnebuflåtin	Fritidsbustad	Nei	
9	10/10 - Torillstul/Aamotdalen	Fritidsbustad	Nei	
11	18/117 – Grostul	Fritidsbustad	Nei	
18	9/467 – Bøkstulliane	Fritidsbustad	Nei	
34/38-1	9/38 – Solskinsdalen	Fritidsbustad	Nei	
34/38-2	9/38 - Knarlivegen	Fritidsbustad	Nei	
34/38-3	9/38,9/200 og 9/201 – Jønnebulia	Fritidsbustad/ sentrumsformål	Nei	
5/30	9/166 – Solskinsdalen	Fritidsbustad	Ja	1. Terrenngrep bør ikkje være større enn nødvendig for å byggje ein enkel fritidsbustad 2. Krav om utgreiing av flaumfare i byggesak og/eller reguleringsplan, dersom det planlegges for bygging i flaumaktsemdsområde
27	10/121 – Torilstull	Fritidsbustad	Nei	
45	18/6 – Gamle skistall	Offentleg eller privat tenesteyting	Ja	Føresegne må sikra at at eventuell ureining frå tidlegare massedeponi vert tilstrekkelig utgreit før oppføring av eit ny bygg på plassen.
15	9/38 – Vinterland	Næring	Ja	1. Utsiktspunkt må erstattast 2. Større terrenngrep i ein buffersone på 15 meter frå myrområdet i aust er ikkje tillat utan vidare utgreiing av konsekvensane for myra.
6 og 44	Fleire - Kalveliane	Fritidsbustad	Ja	1. Krav om felles planlegging for heile området; gjeldande reguleringsplan opphevast 2. Krav om infrastruktur (veg, VA, straum) 3. Krav om at tilkomsten til løypenettet og kvalitetane området har for friluftsliv og ulike brukergropper ikkje forringast





				4. Området avgrensast slik at naturbeitemark ikkje omfattes av byggeformålet.
--	--	--	--	---

2. Gjennomføring

Midt-Telemark kommune er ansvarleg for gjennomføring av ROS-analysen og konsekvensutgreiinga. Utgreiing er kvalitetssikra av plankonsulent.

3. Metode for konsekvensutgreiing

Miljøverndepartementet (MD) sin rettleiar «Konsekvensutgreiingar – kommuneplanens arealdel» (2012) er nytta som grunnlag for analysen. Ein har valgt å bruke same tilnærming til denne analysen som vert brukt i kommuneplanens arealdel (vedteken i juni 2021). Rettleiaren vektlegg at det blir gjort ei vurdering av kva konsekvensar det aktuelle innspelet/endinga får med fokus på strategiske problemstillingar og tema. Utgreiinga skal gje eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til foreslått arealbruk.

Moment som er lagt vekt på ved vurdering av verdi og omfang/konsekvens for dei einskilde fagtema, og dessutan korleis kunnskapsgrunnlaget skal nyttast i utgreiinga er lista opp i vedlegg 1 og 2. Kvart tema og innspelsområde har fått ein verdi (på ein skala frå 1-3) og eit omfang (på ein skala på 1-3).

Ved vurdering av omfang er det gjort ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, føremålet med innspelet, topografi, omtale av verdi og lokalkunnskap.

Konsekvensen av inngrepet er summen av verdien og omfanget (sjå tabell 2).

Tabell 2: Konsekvenstabell (grøn=ingen relevans eller positiv, gul=delvis negativ/usikker, raud=einsidig negativ)

Omfang/verdi	1 (liten verdi)	2 (middels verdi)	3 (stor verdi)
+3 (stort positivt omfang)	1/+3	2/+3	3/+3
+2 (middels positivt omfang)	1/+2	2/+2	3/+2
+1 (lite positivt omfang)	1/+1	2/+1	3/+1
0 (ingen omfang)	1/0	2/0	3/0
-1 (lite negativt omfang)	1/-1	2/-1	3/-1
-2 (middels negativt omfang)	1/-2	2/-2	3/-2
-3 (stort negativt omfang)	1/-3	2/-3	3/-3

Det er gjort ei samla vurdering av konsekvens basert på resultatene av vurdering av konsekvens for dei einskilde tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap, og dessutan ei vurdering av korleis området passar med overordna arealstrategiar.

I konklusjonen blir det nytta tre kategoriar:

1. Tiltaket kan tilrådest
2. Tiltaket kan tilrådest, men i planprosessen bør det gjerast grep og/eller endringar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkjefølgjekrav, dokumentasjonskrav mm.
3. Tiltaket kan ikkje tilrådest.





4. Metode for ROS-analysen

Grunnlag for analysen er Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging» (2017). Skildring av metodikken finn ein i denne rettleiaren.

4.1 Kort omtale av metodikken og kunnskapsgrunnlag

Analysen består av følgjande steg:

1. Skildring av planområdet
2. Identifisere moglege uønskt hendingar
3. Vurdere risiko og sårbarheit (sannsyn/konsekvens/uvisse)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumentere analysen og korleis han påverkar planforslaget

ROS-analyser vert gjort for kvart innspelsområde og visast i resultatkapittelet. Analysen er overordna og tenes som grunnlag for eventuelle vidare vurderingar. For områder som knytast til risiko og sårbarheit i denne analysen, er det naudsynt med meir detaljerte vurderingar.

For å identifisere moglege uønskte hendingar for kvar utbyggingsområde er følgjande sjekklister/kunnskapsgrunnlag nytta:

- Sjekklister/skjema for arealplanlegginga i kommunen (DSB rettleiar, 2017). Gjennomgang av sjekklister i intern arbeidsgruppe med deltakarar frå Nome og Midt-Telemark Brann og redning, 23.01.2023
- Diverse informasjonskjelder: Klimaprofil for Telemark (2022), Fylkes-ROS-for Vestfold og Telemark (2020), Overordna ROS for Midt-Telemark kommune (2019), Miljødirektoratets Naturbase, NVE Atlas, NGU kartteneste

4.2 Vurdere risiko og sårbarheit (sannsyn/konsekvens/uvisse).

Sannsyn er eit mål for kor truleg det er at ei bestemd hending skjer i planområdet innanfor eit visst tidsrom. **Konsekvens** er verknaden den uønskte hendinga kan få i eit planområde eller utbyggingsfremålet. **Uvisse** er det ein ikkje kan gjere rette for med bakgrunn i ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for analysen.

Grenseverdier for sannsyns- og konsekvensvurdering er vist i tabellane under.

Tabell 3: Grenseverdier for sannsynsvurdering

Sannsynskategorier	Tidsintervall	Sannsyn (per år)
Høg	Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gong i løpet av 10–100 år	1-10 %
Låg	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år	< 1 %



Tabell 4: Konsekvenskategoriar for liv og helse

Liv og helse	K	Konsekvenskategoriar	Dødsfall	Skadar	Forklaring
	K3	Høg	> 10 %	>29	Over 5 dødsfall og/eller over 20 skadde
	K2	Middels	1-10 %	3-20	1-5 dødsfall og/eller inntil 20 skadde
	K1	Låg	< 1 %	1-2	Ingen dødsfall men inntil 2 skadde

Tabell 5: Konsekvenskategoriar for stabilitet

Stabilitet	K	Konsekvenskategoriar	Forstyrningar i dagleglivet
	K3	Høg	Ikkje moglegheit til å koma seg til jobb/skule/osb. den dagen det skjer ei hending. Fråvær av viktig infrastruktur over fleire dagar
	K2	Middels	Lang kø på veg til jobb/skule/osb. ved ei hending på opptil 24 timar. Fråvær av viktig infrastruktur i opptil 24 timar
	K1	Låg	Redusert mobilitet i kortare periodar på grunn av ei hending og påfølgande tapt arbeidstid i nokre timar. Kortvarig fråvær av viktig infrastruktur.

Tabell 6: Konsekvenskategoriar for materielle verdiar.

Materielle verdiar	K	Konsekvenskategoriar	Økonomisk tap/materielle verdiar
	K3	Høg	Større skade (> 5 mill. nok)
	K2	Middels	Skade (500 000 – 5 mill. nok)
	K1	Låg	Liten eller ingen skade (< 500 000 nok)

5. Vurdering av risikoar i enkeltområde

I tabellen under visast det kva risiko- og sårbarheitstilhøve fom gjeld for kvar del av planområdet.

Tabell 7: Uønskt hendingar (kategorisert) og deira betydning for planområdet.

Kategori/ Forhold som kartleggast	Relevant for kva område	Forklaring
Naturrisiko		
Skredfare/ras/Ustabil grunn	18, 11	Skredaktsemdsområde og/eller fareområde i heile eller delar av området. Mogleg auke i skredfare i område som ligg lågare i terrenget, særleg ved drenering.
Flaum/storflaum	9, 34/38-1, 5	Flaumaktsemdsområde i delar eller heile området Det finns indikasjon på at overvatn kan bli problematisk i området.
Ekstremvær	18,9, 11	Ekstremvær kan forsterke ei rekkje hendingar som er omtalt i andre kategoriar. Skredhendingar kan skje på stadar der det ikkje før har vore registrerte skred.



Skog/lyngbrann	9,11,18	Alle områder som ligg i tilknytning til utmark. Føremål som legg til rette for opphald og/eller store materielle verdier, til dømes fritidsbustader, er ekstra sårbare.
Regulerte vatn		Verna vassdragsområde. Ingen regulerte vassdrag
Terrengformasjonar som utgjer ein spesiell fare	9	Relevant for alle fritidsbustader som ligg i bratt eller kupert terreng. Relevant for masseuttak/råstoffutvinning i nærleiken til turområde.
Samfunnstryggleik		
Kritisk infrastruktur		Det er ikkje kritisk infrastruktur i innspelsområda som er utsett for noko risiko.
Høgspent/ energiforsyning		Energiforsyning er ikkje utsett for noko risiko i innspelsområda.
Tenester som skule, barnehage, helse-institusjonar, naud- og redningstenester	6/44, 1	Naud- og redningstenester (Raude kors) er lokalisert i nærleik av innspelsområda, men blir ikkje direkte påverka av føremålsendringane. Området har god tilkomst for utrykkingskøyretøy via fylkesvegen. Tilgjenge til heimeteneste kan vera begrenset der det ikkje er tilkomstveg.
Terror og sabotasje		Ingen terror- eller sabotasjemål i planområdet
Trafikk		
Ulykkespunkt	1, 6/44, 9, 27,34/38-3,34/38-2	Det er registrert fleire trafikkulykker på FV3332, både utforkøyringar, møteulykker og ulykker der mjuke trafikantar har vore involverte. Ulykkespunkt er ikkje registrert. Fleire avkøyringar/høgare trafikkbelastning til FV3332 vil auke risiko for møteulykker og liknande.
Farleg gods		Det er ikkje transport av farleg gods gjennom planområdet
Mjuke trafikantar	5, 6/44, 9, 27, 34/38,	Det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar mellom hovudmålpunkta i området. Ikkje samanhengande turnettverk, og heller ingen trygge vegkryssingar mellom målpunkta.
Ulykker i nærliggande transportårer		Det er ikkje relevant for innspillsområdene
Verksemdsrisiko		
Tidlegare bruk		Det er ikkje tidlegare bruk som kan har ført til større forureining i planområdet.
Verksemder med fare for brann og eksplosjon		Det er ikkje slike verksemder i planområdet.
Verksemder med fare for kjemikalie- utslepp eller anna akutt forureining		Det er ikkje slike verksemder i planområdet.
Høgspent/mastar	11,18, 27	Ikkje høgspent, men det er luftborne kraftleidningar eller heisinfrastruktur i området eller like ved.



6. Klimaeffekten av arealbruksendringa

6.1 Myrer og karbonlagre

Myrane i delar av planområdet vart kartlagt i juli 2023. Djupna på myrane blei målt og karbonlageret blei regna ut ved hjelp av verktøyet CarbonViewer. Metoden og resultatene er omtalt i eigen fagrapport «Naturtypekartlegging på Lifjell i Midt-Telemark kommune» (2023). Rapporten konkludera med at sjølv om berre delar av myra blir råka av utbygginga, risikerer ein at heile myra blir øydelagd med bakgrunn i at hydrologien til myra kan bli endra vesentleg. Dette blir det teke høgde for når anslått klimaeffekt av tiltaket er vurdert i konsekvensutgreiinga, der ein har gjort djupnemålingar.

I tabellen under er det rekna ut anslått klimagassutslepp til kartlagde myrområde dersom myrområda vert øydelagde. I fagrapporten «Naturtypekartlegging på Lifjell i Midt-Telemark kommune» (2023) finn ein eit oversiktskart som viser myrområda med nummerering 1-6.

Myrlokaltet	Karbonlager (t C)	Klimagassutslepp (tonn CO ₂ -ekv.)
1	5168	18949
2	627	2299
3	1357	4976
4	917	3362
5	1218	4466
6	8840	32413
7	486	1782
8	1339	4910

6.2 Anslått klimaeffekt av arealbruksendringa i innspelsområder

Tabellen nedanfor viser kva klimaeffekt arealbruksendringa har i kvart innspelsområde. For å berekne klimaeffekten er kalkulatoren til miljødirektoratet for arealbruksendringar brukt (versjon: 21.03.2022). AR5 er ikkje dekkande for arealbruken og er supplert med resultatene frå naturtype- og myrkartlegginga frå juli 2023. Der tilgjengeleg (innspelsområde nr. 1) er tallene frå myrdjupnemålingane nytta for å anslå klimaeffekt frå myrområde.

Tal som visast i tabellen er eit grovt anslag for klimagassutslepp som kjem frå omdisponering av natur basert på tilgjengeleg kunnskap om områda og derfor svært usikre. Der myr vert råka er heile myrområdet teken med i utrekninga, fordi også mindre inngrep i nærleiken av myr kan føre til endringar i hydrologien og i verste fall kan av heile myrområdet tørke ut. Andre faktorar som også påverkar klimagassutslepp er ikkje med i utrekningane. Dette er til dømes transport med fossilbil, anleggsgang, forbruk av byggematerialar, interiør og anna.

Tabell 8: Anslått klimaeffekt av foreslått arealbruksendring i innspelsområdene.

Inns pelnr	Namn	Areal (da)	Føremål (arealbruks- endring)	Arealbruks- kategori (AR5)	Nettoklimaeffekt av arealbruksendringa over 20 år (AR5) (tonn CO2-ekv.)	Nettoklimaeffekt frå drenert eller nedbyggt myr (tonn CO2-ekv.)	Klimagassutslepp (tonn CO ₂ -ekv.) frå karbon- lageret i myr (tonn CO2- ekv.)	Nettoklima- effekt totalt (tonn CO2-ekv.)	Nettoklimaeffekt (tonn CO2-ekv./da)
1	9/86 – Jønnebuflåtin	21	Fritidsbustad	Anna utmark	7		18 949	18 956	903
9	10/10 - Torillstul/Aa motdalen	384	Fritidsbustad/ Mellombels masseuttak	Skog	10 440	186		10 626	28
11	18/117 – Grostul	44,8	Fritidsbustad	Skog	1 450	2429		3 879	279
18	9/467 – Bøkstulliane	44	Fritidsbustad	Skog og anna utmark	546	1 258		1 804	41
34/3 8-1	9/38 – Solskinsdale n	13,9	Fritidsbustad	Skog	430	32 413		32 843	2 363
34/3 8-2	9/38 – Knarlivegen	45	Fritidsbustad	Skog og innmarksbeite	1 030			1 030	23
34/3 8-3	9/38,9/200 og 9/201 – Jønnebulia	15	Fritidsbustad/s entrumsformål	Anna utmark	5,2			5	0
5	9/166 – Solskinsdale n	1,3	Fritidsbustad	Skog	39			39	30
27	10/121 – Torillstull	1,5	Fritidsbustad	Skog	47,8			48	32
45	18/6 – Gamle skistall	0,4	Offentleg eller privat tenesteyting	Utbygd	0			0	0
15	9/38 – Vinterland	1,8	Næring	Anna utmark	0,6			1	0
6 og 44	Kalveliane	107	Fritidsbustad	Skog, anna utmark, beite (myr – ikkje AR5)	1 523	(67)		1 523	14

7. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for innspelsområda

Planføresegnene beskriv sentrale målpunkt som uteopphaldsareal, friområde for barn og unge, friluftsområde, skisenter, sentrumsfunksjonar, fritidsbustader og kollektivsamband, jf. Punkt 1.8 bokstav b) om mobilitet. Målpunkta er nærmare omtalt i eigen fagnotat om friluftsliv (sjå vedlegg).

7.1 Jønnebuflåtin, gnr./bnr. 9/86, innspelsnr. 1

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	2	-1	Delvis negativ	Ikkje klargjort for påkopling på offentlig infrastruktur. Grensar mot urealisert byggjefelt . Støy eller utslepp i anleggsfasen kan verke inn negativ på friluftslivsområde.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Streifbeiting i området. Utmarksbeite kan bli råka, men området har mindre å seie for beiteverksemd på Lifjell.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen naturtypar (NIN) registrert i området. Nærmaste registrerte naturtype ligg i avstand på cirka 150 meter mot sør. Det er myr registrert i store delar av området, men myrtypen inngår ikkje i NIN-systemet.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Innanfor verna vassdrag klasse II. Ikkje tilknytning til vassdrag med heilårs vassføring.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø.
Landskap	3	-1	Delvis negativ	Eksponering mot skiløype, skianlegg og utsiktspunkt. Området ligg i overgangen mellom skog og høg fjell og har ein viktig landskapsverdi.
Friluftsliv	3	-1	Delvis negativ	Ligg delvis innanfor viktig friluftsområde. Fleire umerka stigar



Område: Jønnebuflåtin
 Areal: 21 daa
 Føremål: 8-10 fritidsbustader
 Eksisterande arealbruk: Friluftsliv, fritidsbustad, snauskog
 Kommuneplan: LNF
 Reguleringsplan: Ingen

				for friluftsliv og dyretråkk i området, samt utsikt. Friluftslivsverdien i dette området kan bli minka yttarlegare ved vidare utbygging av Jønnebuflåtin.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Bruk av alternative energikjelder mogleg ved ei utbygging. Ikkje energiproduksjon i området.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativ	Det er kartlagt myr i meir enn 70 % av området, sjå 6.. Ligg i nærleik til sentrale målpunkt som mogleggjer gonge frå og til desse. Ei utbygging av området kan auke klimagassutslepp vesentleg.
Transportbehov og trafikktryggleik	3	1	Positiv	Sentralt plassering og gode gangtilhøve til sentrale målpunkt.
Teknisk infrastruktur	2	-3	Einsidig negativ	Planlagd infrastruktur (VA, straum) grensar til området, men er per i dag ikkje utbygd. Det er ikkje planlagt tilkomst til området gjennom regulert område. Området vil dermed ikkje ha vegtilkomst.
Folkehelse	3	-2	Einsidig negativ	Ei vidare utbygging her kan redusere opplevd kvalitet i og tilkomst til viktig friluftsområde.
Målpunkt for barn og unge	2	-2	Delvis negativ	Eit relativt flatt område med enkel tilkomst for barnefamiliar. Ei vidare utbygging her kan svekkje både tilgangen og kvaliteten i ei nærfriluftsområde i tilknytning til sentrale målpunktar for barn og unge, blant dei Vinterland og skiløyper.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Det er ingen kjent kunnskap om at området har ein funksjon for beredskapen. Ingen kjend fare knytt til området. Området har ikkje tilkomstveg.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området har ikkje tilkomstveg og det er heller ikkje planlagt tilkomstveg gjennom regulert område. Verdiane knytt til området for friluftsliv og folkehelse kunne få ein negativ konsekvens om området byggjast ut vidare. **Området ligg på eit av dei flate partia som ikkje er utbygd**, og som er **viktige friluftsområde for småbarnsfamiliar og eldre**. Denne friluftskvaliteten er utsett for utbyggingpress i planområdet. **Området vurderast til å ha ein bufferfunksjon** mellom eksisterande område for fritidsbustad, viktig friluftsområde og målpunkter for folk flest, barn og unge, til dømes



Vinterland og løypenett. **Det er urealiserte planar** for bygging av fritidsbustad rett ved dette området. Det vurderast som svært viktig for kvaliteten av eit friluftsområde at området rundt eksisterande stiar, løyper og andre målpunkt, som til dømes eit skisenter, held fram med å vere tilgjengelege for folk flest. **Området ligg noko eksponert** til i forhold til viktige utfartsområder og kan påverke naturopplevinga for folk flest. Det er kartlagt myr i meir enn 70 % av området, **ein utbygging her kan bidra til å auke klimagasutslepp vesentleg tilsvarende omtrent halvparten av kommunens årlege utslepp.**

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 1 – gnr./bnr. 9/86

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen


Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Trafikkulykke	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
Alvorleg sjukdom hos mennesker med pleiebehov	Middels	Middels	Låg	Låg	Heimeteneste kjem ikkje fram tidsnok på grunn av manglande tilkomst

Oppfølging i plan, dersom arealformålet blir enda: Legge til rette for gode moglegheiter for gonge frå/til sentrale målpunkt for å redusere talet på mjuke trafikantar på Fv3332. Fartsdempande tiltak ved vegkryss.

Sette krav om tilkomstveg for eventuelle nye fritidsbustader



7.2 Torillstul/Aamotdalen, gnr./bnr. 10/10, innspelsnr. 9

				Område: Torillstul/Aamotdalen Areal: 384 daa Føremål: Fritidsbustad – 65 fritidsbustader og 8 område for mikrohytter Eksisterande arealbruk: Barskog, gamal granskog og naturskog, myr Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: 04_51_2014 Torillstul/Håråldskar
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	2	-2	Delvis negativ	Vassdrag i området som er del av Bøelva midtre bekkefelt (016-2866-R). Registrert med moderat økologisk tilstand og risiko for å ikkje nå god miljøtilstand. Det er planlagt ei bru over bekken, slik at inngrep i kantvegetasjonen blir mindre enn for eksempel ved ei i-rør-legging. Bekkefeltet kan være sårbart for avrenning. Ei utbygging her vil føre til lysforureining i ei urørt naturområde. Lysforureining kan minimerast gjennom konkrete føresegner for lysbruken, men ikkje blir heilt unngått.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Det er beiterett i området, men området er mindre aktuelt for beiting på grunn av plasseringa nedover i skogsterreng. Utmarksbeite kan bli råka, men området har mindre å seie for beiteverksemd på Lifjell.



Naturmangfald	3	-2	Einsidig negativ	Det er registrert fleire naturtype lokalitetar (NIN) sør i området, og i nærleiken av området mot vest. Deriblant gamal grandominert naturskog med høy lokalitetskvalitet, gamal granskog med både gamle trær og liggande død ved med høy lokalitetskvalitet. I området mot vest er det og registrert tre raudlista artar (NT). Ei utbygging i dette området med utfordrande terrengforhald vil truleg råke desse.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Delvis negativ	Vassdraget i området som er del av Bøelva midtre bekkefelt (016-2866-R). Registrert med moderat økologisk tilstand og risiko for å ikkje oppnå god miljøtilstand. Innspelet omfattar ein bekkekryssing som kan påverke vassdraget. Det er planlagt ei bru over bekken for å minimere inngrep i kantvegetasjon. Elles er det planlagt å føre infrastrukturen og bygningar utanom bekkeløpane. Vassdraget kan bli negativt påverka med ei brukryssning. Men å legge bekken i rør vil føre til eit vesentleg større inngrep.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ikkje kjennskap til kulturminne i området. Ei utbygging vil ikkje verke inn på registrerte kulturminne-/miljø.
Landskap	1	-3	Einsidig negativ	Område har lite eksponeringspotensiale mot utbygde område eller viktige utfartsområde. Området er vanskeleg tilgjengeleg. Ei utbygging som er tilpassa landskapsrommet her er usannsynleg. Ei utbygging med framføring av veginfrastruktur gjennom hele området her ville medføre store terrenginngrep og ei stor endring i landskapet.
Friluftsliv	1	1	Positiv	Området er per i dag vanskeleg tilgjengeleg for folk flest og har lite verdi som friluftsområde. Nærleiken til skisenteret og fleire moglegheiter for overnatting i dette området kan ha ein positiv effekt for reiselivet. Ei utbygging kan også bidra til at





				området blir meir tilgjengeleg for folk flest.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området. Terrengforhold og plassering av området (tidleg solnedgang) tilseier at det ikkje er svært gode forhold for solcellepanel. Andre alternative energiformer er ikkje vurdert
Klimagassutslepp	2	-2	Delvis negativ	Store delar av området er dekt med skog av låg til middels bonitet. I tillegg er det registrert ei mindre myrområde på cirka 3 da sør i området (sjå 6.). Biomasse-konsentrasjonane er mykje større i produktiv skog samanlikna med skrinn skog. Området ligg i nærleiken til Lifjell skisenter, men utanfor gangavstand til andre sentrale målpunkt. Ei utbygging her vil føre til auke i intern biltrafikk på Lifjell.
Transportbehov og trafiktryggleik	2	-2	Delvis negativ	Ei utbygging her vil bidra til auka biltrafikk frå/til sentrale målpunkt. Det er planlagt/påbegynt utbygging av veg med tilknytning til sentrale utfartsårer (fylkesveg), som kan gi moglegheiter for tilkomst inn til foreslått utbyggingsområde.
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Det er planlagt offentleg VA, og straum er i nærleiken (påbegynt utbygging), men som per i dag verkar urealisert. Ei utbygging i dette området vil utløyse behov for omfattande utviding av offentleg infrastruktur.
Folkehelse	1	1	Positiv	Området har lite betydning for folkehelse. Ei utbygging her kan gi folk flest fleire målpunkt, men det er stadvis krevjande terrengforhold.
Målpunkt for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Området har ingen bruk av barn og unge/barnefamiliar i dag, men grensar mot skisenteret som er eit populært målpunkt for barn og unge
Samfunnstryggleik og beredskap	2	0	Ingen relevans	Aktsemdsområde for flaum i delar av området. Aktsemdsområde for flaum følgjer bekkeløpet nedover i terrenget. Det er ikkje planlagt inngrep i bekkeløpa bortsett frå ei brukryssning.





Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ei utbygging i dette området kjem sannsynlegvis ikkje i konflikt med friluftslivs- eller reiselivsinteresser. Det kjem sannsynlegvis heller ikkje i konflikt med interesser for barn og unge. Ei utbygging her ville heller ikkje komme i konflikt med beitenæringa. Ei utbygging her vil sannsynlegvis auke biltrafikken mellom sentrale målpunktar på Lifjell, då det ikkje er gode tilhøve for gange mellom foreslått område og fleire sentrale målpunkt. **Det vurderast at ei utbygging her ikkje vil ha negative konsekvensar for kvaliteten til Lifjellområdet for friluftslivsutfalding, som reiselivsmål eller som beiteområde.** Å betre tilhøva for gåande til sentrale målpunkt må vere eit krav om ein ønskjer å byggje ut vidare i dette området.

Området kan knytast til fleire mindre naturtypelokalitetar av typen gamal granskog, samt en naturtypelokalitet som skildrast som gamal grandominert naturskog. Ei utbygging av området med en utfordrande terrengforhald vil gjere det utfordrande at ikkje råke disse naturtypelokalitetane. Planlagt inngrep i desse naturtypane gir grunnlag for innsigelse frå overordna myndighet. Bekkefeltet er registeret med moderat økologisk tilstand. Bortsett frå ei brukryssning er det ikkje planlagt inngrep i bekkeløpa. **Det må sikrast i føresegnene at inngrep her ikkje førar til ein reduksjon i miljøtilstanden i bekkfeltet.**

Ei utbygging her, med veginfrastruktur gjennom heile området, som skissert i innspelet, vil føre til **store sår i landskapet med bakgrunn i terrengforholda.** Ein vegutbygging gjennom heile området ville krevje fleire store fyllingar og skjeringar. **Ei utbygging her vil dermed medføre store endringar i eit urørt landskapsrom og verre i strid med måla om estetikk og landskapstilpassing i planen.**

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 9 – gnr./bnr. 10/10

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Fall frå stup	Låg	Middels	Låg	Låg	Kupert terreng, fall frå stup kan finnast.
Flaum	Låg	Låg	Låg	Middels	Flaum aktsemdsområde rundt bekkeløpet.
Skogbrann	Middels	Låg	Høg	Høg	Ligg mot utmark og i krevjande terreng som kan vanskeleggjer sløkkearbeid.






Trafikkulykke/påkøyring	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
<p><u>Oppfølging i plan:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Sikre svært bratte stup i nærleiken av bygningar• Unngå bygnigar i nærleik til bekkeløpa• Planlegge for tilstrekkeleg tall brannhydrantar med tilstrekkeleg trykk• Legg til rette for gode moglegheiter for å gå frå/til sentrale målpunkt for å redusere tallet på mjuke trafikantar på Fv3332. Fartsdempande tiltak ved vegkryss.					



7.3 Grostul, gnr./bnr. 18/117, innspelsnr. 11

	<p>Område: Grostul Areal: 44,8 daa Føremål: Fritidsbustad – 23 hytter Eksisterande arealbruk: Blandingskog, gammel granskog, myr, skiløype, friluftsområde Kommuneplan: LNF, Turdrag, Idrettsanlegg, Omsyn friluftsliv Reguleringsplan: 04_27_2005, Reguleringsplan for H6 på Lifjell</p>			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	3	-2	Einsidig negativ	Området har ein viktig naturverdi med gammel granskog og eit myrområde i delar av området. Ei utbygging her vil kunne øydelegge ein myrområde og eit område med gammel granskog. Det ville vere svært krevande at unngå forureining av både naturtypen og myra i dette område i anleggsfasen. Fleire bygningar og dermed fleire lyskjelder i området vil også auke lysforueining i eit nytt naturområde. Ein kan minimere lysbruken gjennom konkrete føresegnar.
Jordvern og sikring av beiteressursar	3	-3	Einsidig negativ	Ei utbygging i dette område vil ta i bruk delar av eit mykje brukt beiteområde. Området har beiterett og har stor tyding for beitenæringa. Om ein byggjer fritidsbustad her vil beitenæringa miste eit svært viktig område.
Naturmangfald	3	-3	Einsidig negativ	Gamal granskog med gamle trær og svært høyt lokalitetskvalitet ligg i store delar av området. I delar av naturtypen er det også området med en og del liggende død ved. Disse lokasjonar vert vurdert med både moderat og høyt



				lokalitetskvalitet. Det er også delar av eit større myrområde som ligg inne i området. Foreslått utbygging her ville øydelegge store delar av den registrerte naturtypen.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Delvis negativ	Vassførekomst 016-3078-R i nærleiken av området, med moderat økologisk tilstand. Ei utbygging i dette område ville endre hydrologien på eit myrområde. Dette kan påverke vassføringa til vassførekomsten. Innanfor verna vassdragsområde klasse II.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ikkje registrerte kulturminne i området.
Landskap	2	-2	Delvis negativ	Området ligg eksponert mot utbygde områder og viktige utfartsårer (skiløype). Ei utbygging her ville gjere inngrep i eit landskapsrom med spesielt gode kvalitetar.
Friluftsliv	3	-3	Einsidig negativ	Området er mykje brukt som friluftsområde i tilknytning til sentrale utfartsårer, og delar av området er registrert som eit viktig friluftsområde. Området eignar seg svært godt som turområde for barn, unge eller eldre. Ei utbygging her ville forringe friluftskvalitetane ved løypetrasé. Området har stor tyding for barn og unge og kan ikkje erstattast.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Ikkje energiproduksjon i området. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel og vassboren varme. Gunstige solforhold.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativ	Impediment blandingsskog og blandingskog med låg bonitet. Biomasse-konsentrasjonane er betydeleg større i produktiv skog samanlikna med skrinn skog. Det er registrert eit større myrområde i tilknytning til området. Ein utbygging her kan endre hydrologien på dette myrområde og potensielt medføre store





				klimagassutslepp (sjå 6.). Det er gode moglegheiter for å gå til sentrale målpunkt.
Transportbehov og trafikktryggleik	3	2	Positiv	Området ligg svært sentralt i forhold til sentrale målpunkt for friluftsliv og reiseliv. Det er forholdsvis gode gangtilhøve.
Teknisk infrastruktur	3	2	Positiv	Infrastruktur i orden. Eksisterande VA-nett, veg og straum like ved.
Folkehelse	3	-3	Einsidig negativ	Delar av området er mykje brukt til friluftsliv (ski og viktig sommarsti for mellom anna leirskulen). Den delen av løypetraseen har ein topografi som byr på ei oppleving ein ikkje finn andre stader i same løypenett. Med ei utbygging ville kvaliteten på løypetraseen og naturopplevinga i dette området tydeleg forringast. Tilgangen til løypenettet Anebuflåtin kan bli dårlegare ved ei utbygging her.
Målpunkt for barn og unge	3	-3	Einsidig negativ	Området har mykje å seie for denne målgruppa. Områdets kvalitetar som er viktige for denne målgruppa ville ikkje kunne oppretthaldast ved ei utbygging.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert aktsemdsområde eller fareområde. Området ligg i tilknytning til eksisterande utbygde område og har god tilkomst.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Forslått utbygging vil få **store negative konsekvensar for eksisterande løypeinfrastruktur og skileik-/friluftsområde**, der barn og unge er ei viktig brukargruppe. **Tilgangen og kvaliteten til løypenettet Anebuflåtin kan bli dårlegare** for folk flest ved foreslått utbygging. Foreslått utbygging her vil ha **negative konsekvensar for utmarksbeite**, ved at eit viktig og mykje brukt beiteområde ville vorte øydelagt. **Foreslått utbygging vil øydelegge ei registrert naturtype og kunne påverke hydrologien til eit større myrområde negativ**. Planlagt inngrep i registrert naturtype her gir grunnlag til innsigelse frå overordna myndighet. Området har ellers ei **sentralt plassering** og ligg i utkanten av eksisterande hyttefelt, noko som reduserer behovet for ny infrastruktur og gir gode tilhøve for å gå frå/til sentrale målpunkt på Lifjell.

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilråast.






ROS innspel nr. 11 – gnr./bnr. 18/117					
Sårbarheit: Låg					
Eksisterande barrierar: Ingen					
Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Ras i nedanforliggjande område	Middels	Låg	Låg	Låg	Ras i område som ligg lågare i terrenget enn den aktuelle tomte blir hyppigare da drenering av området og større vassmengda lenger nede.
Skogbrann	Middels	Låg	Høg	Høg	Ligg mot utmarksområde med mykje ferdsel.
Ras frå mast	Låg	Låg	Låg	Låg	Master til straumlinja i nærleiken til bygningar.
<u>Uvisse:</u> Det er uvist korleis ei drenering/grunnarbeid i dette området påverka hyppigheita for ras i nedeinforliggjande område					
<u>Oppfølging i plan:</u>					
<ul style="list-style-type: none">• Utgreie faren for ras i område som ligg lågare i terrenget ved inngrep (t.d. drenering) i detaljreguleringa• Sette krav om handtering av overflatevatn i reguleringsplan og byggesak• Planleggje for tilstrekkeleg talet på brannhydrantar med tilstrekkeleg kapasitet• Straumlinja leggast under bakken.					

Etter vedtaket i formannskapet 11.03.24:

Området legges inn i planen.



7.4 Bøkstulliane (H8), gnr./bnr. 9/467, innspelsnr. 18

	Område: Bøkstulliane (H8) Areal: 44 daa Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Open fastmark, impediment skog, myr, gammel granskog Kommuneplan: LNF, Omsynssone infrastruktur, Faresone ras- og skred Reguleringsplan: Ingen			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	3	-1	Delvis negativ	Det er mindre myrområde som ligg i det foreslegne utbyggingsområdet. Bygging av naudsynt infrastruktur gjennom området utan å endre funksjonen til disse myrområda er utfordrande . Området grensar mot ein gamal granskog i nordaust. Den kan bli påverka negativ av tiltaket.
Jordvern og sikring av beiteressursar	3	-3	Einsidig negativ	Mykje brukt beiteområde. Ei utbygging her vil ha svært negative konsekvensar for beitenæringa.
Naturmangfald	3	-2	Einsidig negativ	Grensar mot større samenhagande NIN-naturtype, gamal granskog med liggande dødved i nordaust som vert vurdert med høy lokalisasjonskvalitet. Eit hyttefelt her vil kunne råke naturtypen negativ . Det er viktig med ei tilstrekkeleg buffersone mot naturtypen for å unngå negativ påverknad.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Ligg i verna vassdragområde klasse II. Ei utbygging her vil antakeleg ikkje vere i konflikt med verneverdiane i dette området.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det ligg ikkje føre kjennskap til kulturminne i området. Ei utbygging her vil ikkje påverke kulturminne og -miljø.
Landskap	2	-1	Delvis negativ	Området har delvis eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde. Ei utbygging her vil



				ha høg grad av fjernveknad, i hovudsak mot utmark på Bukkelifjellet og Reskjemheia. Ei utbygging vil gjere inngrep i urørt landskapsrom, med typiske kvalitetar for området.
Friluftsliv	3	-2	Einsidig negativ	Området ligg i eit svært viktig friluftsområde. Ei utbygging her ville forringe eit viktig friluftsområde med svært gode kvalitetar.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Ei utbygging her påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon. Ei utbygging kan leggje til rette for alternative energiformer.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativ	Open fastmark, impediment blandingskog. Biomassekonsentrasjonane er mykje større i produktiv skog samanlikna med skrinnskog. Store delar av området er ikkje tresett. Delar av området er dekt av myr. Etablering av naudsynt infrastruktur i området vil kunne øydelegge eit større myrområde og dermed auke klimagassutslepp meir enn ved eit alternativ plassering i eit område utan myr. Det er mogleg å gå til sentrale målpunkt, men med bakgrunn i terrengforhold vil ei utbygging her kunne truleg føre til auke i intern biltrafikk.
Transportbehov og trafikktryggleik	2	-1	Usikker	Det er ikkje etablert veg til området. Området ligg i nærleiken til sentrale målpunkt. Det er i liten grad tilrettelagt for gåing i dag, men det er moglegheiter for gode gangforbindelsar.
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Det er etablert teknisk infrastruktur i nærleiken av området. Ei vidare utbygging her vil medføre større oppgraderingar i form av ei utviding av veg og VA.
Folkehelse	3	-2	Einsidig negativ	Ligg i eit friluftsområde som er vurdert å ha ein svært viktig verdi. Ved ei utbygging her vil verdien av friluftsområdet bli mindre.





				Turgåarar vil dermed få færre målpunkt for friluftslivoppleingar.
Målpunkt for barn og unge	2	-1	Usikker	Området er ikkje tilrettelagt for barn og unge. Området ligg i kupert terreng. Ei utbygging her vil sannsynlegvis ikkje gje barn og unge nye målpunkt, men heller ikkje føre til at målpunkt blir dårlegare.
Samfunnstryggleik og beredskap	3	-1	Usikker	Det er aktsemdsområde for snøskred i store delar av området. Eit aktsemdsområde for steinsprang ligg like ved. Det går ein straumlinje ovanfor området. Det er ikkje registrert snøskred i dette området, men ein kan heller ikkje sjå bort frå at det kan gå framtidige skred. Området bør ikkje leggest ut som byggjeområde før skredfaren er kartlagd.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ei utbygging i dette området vil forringe kvaliteten av eit mykje brukt beiteområde og dermed ha **svært negative konsekvensar for beitenæringa** i området. Området er registrert som **svært viktig friluftslivsområde**. Ei utbygging her vil medføre ei svekking av desse friluftskvalitetane. Delar av området ligg i eit **aktsemdsområde for snøskred**. Den reelle skredfaren er ikkje kartlagd. Om ein planlegg ny busetnad innanfor området, må fagperson gjere ei vurdering for å avklare faregrad. Ei fortetting og vidare utbygging i dette området vil truleg ha eit mykje **høgare fotavtrykk** enn ei samanliknbar utbygging i andre område utan myr. **Området grensar mot gamal granskog i nordaust. Naturtypen har ein sentral økosystemfunksjon og vert registrert med høg lokalitetskvalitet.** Planlagt inngrep i denne naturtypen gir grunnlag itl innsigelse frå overordna myndighet. **Det er viktig at føresegnene i planen sikrar ei tilstrekkeleg buffersone mot naturtypen (30-50 meter).**

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 18 – gnr./bnr. 9/467

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	






Skog- /lyngbrann	Middels	Låg	Høg	Høg	Ligg mot utmarksområde med mykje ferdsel. Brann i dette området kan spreie seg rask på grunn av sterk vind. Noko langt tilkomstveg som kan gjere sløkkingsarbeid vanskeleg.
Snøskred	Middels	Middels	Låg	Høg	Faren for skred kan auke i framtida på grunn av klimaendringar. Skred i eit hyttefelt kan medføre store økonomiske tap.
Ras frå mast	Låg	Låg	Låg	Låg	Straumlinje like ved. Låg risiko for ulykke, ligg utanfor områdeavgrensing
<u>Uvisse:</u> Reel skredrisiko er ikkje nærmare undersøkt, det er terrengforhold som tilseier at det kan gå skred i dette området.					
<u>Oppfølging i plan:</u> <ul style="list-style-type: none">• Utgreie reell skredfare (med klimapåslag) og setje i verk avbøtande tiltak• Planleggje for tilstrekkeleg tila på brannhydrantar med tilstrekkeleg trykk• Det må sikrast framkomelegheit for brannbilar til og i eit eventuell hyttefelt i dette området.					



7.5 Solskindalen, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 34/38-1

				Område: Solskindalen Areal: 13,9 daa Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Impediment barskog, gammel granskog, myr, grusveg Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	3	-2	Einsidig negativ	Tomta ligg i eit område med mykje myr. Ved ei utbygging her kan ein risikere forureining i myrområde (for eksempel masseforureining, fremmede artar). Området ligg ved ein tilkomstveg til fleire hyttefelt, der delar ikkje er ferdig utbygd. Det kan være vegstøy i området.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Området er registrert som beiteområde, men har mindre å seie for beite på grunn av grada av utbygging i området. Det kan finnast streifbeiting i området.
Naturmangfald	3	-3	Einsidig negativ	Det er ei viktig naturtype registrert i store delar av området mot øst av typen gamal granskog. Naturtypen har ein sentral økosystemfunksjon og vert vurdert med moderat lokalitetskvalitet. Det anbefalast ein buffersone på minium 30 meter mot denne naturtypen.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Usikker	Ligg i område for verna vassdrag klasse II. Ei utbygging her kan ha negative konsekvensar for myrområdet, da det vil vere vanskeleg å oppretthalde ei buffersone mot myr på 15 meter.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Området er visuelt synleg frå Jønnbu kyrkjestad, bygd på 1900 talet som er ein viktig bygg, men som ikkje har status som freda.
Landskap	2	-1	Usikker	Området ligg delvis eksponert mot Jønnbu kyrkjestad og Kalveliane, som er eit viktig område for friluftsliv og ikkje minst opplærings- og opphaldområde for leirskulen. Ei



				utbygging her kan endre utsikta frå Kalveliane.
Friluftsliv	2	-1	Delvis negativ	Foreslått område for utbygging ligg innafor eit viktig friluftsområde i vest. Inngrep her kan ha negative konsekvensar for friluftsliv, og planen bør derfor sikre at turstiar ikkje vart øydelagte.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Området blir ikkje brukt til energiproduksjon. Ei utbygging kan leggje til rette for alternative energiformer. Området er nordvendt og ville vere mindre godt eigna for energiproduksjon med for eksempel solcellepanel.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativ	Ei utbygging her vil kunne medføre ei betydeleg auke i klimagassutslepp dersom inngrepa endra vassføringa (i verste fall uttørking) i myrområde like ved (sjå 6.). Ei utbygging som både tar omsyn til ein buffergrense mot utvald naturtype (minimum 30 meter) og myrområde (minimum 15 meter) er lite realistisk. Det er mogleg å gå frå/til sentrale målpunkt
Transportbehov og trafikktryggleik	2	0	Usikker	Området ligg sentralt og det er mogleg å gå frå/til sentrale målpunkt, men det er ikkje tilrettelagt for å gå til alle målpunkt. Ei utbygging her treng ikkje føre til ei auke i intern biltrafikk
Teknisk infrastruktur	3	0	Positiv	Byggjer oppunder eksisterande infrastruktur.
Folkehelse	3	-2	Einsidig negativ	Hellingsgraden i delar av området mot nord-aust tilseier at denne delen er ueigna for utbygging. Den flatare delen mot vest ligg innafor eit viktig friluftsområde. Området mot vest har ein viktig bufferfunksjon mellom bygningar og eit viktig friluftsområde. Ei utbygging heilt mot vest kan minke kvaliteten av friluftsområdet.
Målpunkt for barn og unge	2	-1	Usikker	Området ligg mellom veginfrastruktur og eksisterande bygningar, men overlappar med eit viktig friluftsområde i vest. Det er ikkje tilrettelagt for barn og unge,



				men området mot vest ligg i flatt terreng og kan vere eit fint opphaldsområde for barn og unge. Det er og tilkomst til skiløyper og leikeareal (til dømes akebakkar)frå området.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-1	Usikker	Området ligg i eit aktsemdsområde for flaum. Mellom bekken og innspelsområdet ligg ein veg på ei høgde, som kan ha ein flaumdempande funksjon. Faren for flaum i området er usikker. Det er god tilkomst til området. Byggbart område er svært liten, det ville vere krevjande å etablere veginfrastruktur i tillegg til bygningar i dette området.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Delar av **området mot aust er svært bratte** (brattare enn 1:3) og ueigna for utbygging. **Mot vest et området seg inn i eit viktig friluftsområde.** Det ligg eit område med **gamal granskog med gamle trær** i og i nærleiken av foreslått utbyggingsområde. Naturtypen har eit sentral økosystemfunksjon og vert vurdert med moderat lokalitetskvalitet. Planlagt inngrep i denne naturtypen gir grunnlag til innsigle frå overordna myndigheit. Det må sikrast ein buffersone mot naturtypen for å hindre negativ påverknad frå ei utbygging i dette område (30-50 meter). **Omsyn til friluftsliv, terreng, myrområde og naturtype gjere at arealet som faktisk kan byggast på ville vore svært lite. Området eignar seg dermed ikkje til eit nytt hyttefelt .** Det er aktsemdsområde for flaum i området, men den reelle faren for flaum er usikker. Området byggjer opp under **eksisterande infrastruktur**. Flaumfaren må eventuelt avklarast i reguleringsplan.

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 34/38-1 – gnr./bnr. 9/38

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Flaum i området	Låg	Låg	Låg	Middels	Delar av området ligg i flaumaktsemdsområde



Påkøring av mjuk trafikant	Middels	Middels	Låg	Låg	Ved ei påkøring av mjuke trafikantar kan helsekonsekvensen verre fatalt.
<u>Uvisse:</u> Det ligg ikkje føre god nok kunnskap om reel flaumfare i området for å vurdere reel flaumrisiko ved ei utbygging her.					
<u>Oppfølging i plan:</u> <ul style="list-style-type: none">• Reel flaumfare må vurderast og eventuell avbøtande tiltak må iverksettast.• Sikre gode gangforbindelsar (t.d. snarvegar i form av stig/løype) til sentrale målpunktar på Lifjell.					





7.6 Knarlivegen, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 34/38-2

	<p>Område: Knarlivegen Areal: 45 daa Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Busetnad og veginfrastruktur, innmarksbeite/naturbeitemark, produktiv og uproduktiv skog, rik gransumpskog, slåttemyr, høgstaudegranskog Kommuneplan: Fritidsbustad, LNF Reguleringsplan: Ingen</p>
--	--

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	3	-2	Einsidig negativ	Det er fleire NIN-naturtypar og ein utvald naturtype i og i nærleiken av området. Ein buffersone på 30-50 meter ved ein utbygging rundt naturtypen er naudsynt for å forhindre ureining (for eksempel endring i vindforhald, ureining gjennom massehandtering i nærleiken, hagebeplanting). Avrenning mot Torillbekken i byggefasen kan også føre til forureining av vassdrag (for eksempel gjennom at nye sedimenter blir tilført bekken i anleggsfasen).
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Innmarksbeite i delar av området. Området har mindre å seie for utmarksbeite, men det er beiterett i området og streifbeiting kan finne stad.
Naturmangfald	3	-3	Einsidig negativ	Det er viktige naturtypar (NIN) i og i nærleiken av området, blant annet slåttemyr (utvald og sterkt truet naturtype), rik gransumpskog (sterkt truet naturtype, sentral økosystemfunksjon), høgstaudegranskog (nær truet naturtype, sentral





				økosystemfunksjon) og naturbeitemark (sårbar naturtype, sentral økosystemfunksjon). Det er anbefalt ei buffersone rundt naturtypene på minimum 30-50 meter. Ei utbygging utan å innverke på desse naturtypene ville ikkje vere mogleg.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Usikker	Området ligg innanfor verna vassdragsområde klasse II. Det er fleire bekkedrag i området som munnar ut i Torillbekken, del av Åseåa bekkefelt. Bekkefeltet har eit miljømål om svært god økologisk tilstand. Tilstanden er registrert som moderat. Det er i utgangspunkt ikkje tillat med tiltak som kan bidra til at miljømålet ikkje blir oppnådd. Ein må derfor unngå forureining av tilløp til Torillbekken. Området bør snevrast inn for å sikre ei buffersone mot bekkane.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Kulturminna registrert i nærleiken knytt til ei tidlegare kolframstillingsanlegg nede ved Torillbekken, men ikkje i dette området. Ei utbygging her ville ikkje verke inn på desse. Området ha ein verdi som kulturlandskap. Området på Jønnebu er godt bevart. Nokre av dei eldre bygninger er igjen. Dei vert oppgradert i seinare tid og er ikkje sefrak registrerte. Landskapet rundt er godt bevart og blir vurdert at vere spesielt viktig for den tidlege turismen på Lifjell. Landsapsverdien vert vurdert under.
Landskap	3	-2	Einsidig negativ	Området ligg sentralt med tydeleg eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde. Bruken til området som innmarksbeite formar landskapet og er viktig for estetikken av dette landskapsrommet. Ei fortetting her gjer inngrep i eit landskapsrom med spesiell gode kvalitetar. Det er





				bratt terreng og etablering av infrastruktur ville vert svært synlege og omfattande inngrep.
Friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Området ligg i tilknytning til sentrale målpunkt, men er lite brukt for friluftaktivitetar. Det er kort veg til planlagt skitrekk, men litt lenger veg til skiløyper og anna turterreng. Delar av arealet er inngjerda på sommarstid. Området ligg i gåavstand til eit planlagt skitrekk.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Ei utbygging påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon. Det er gode solforhold i området. Ei utbygging kan leggje til rette for alternative energiformer.
Klimagassutslepp	2	-1	Delvis negativ	Skog og innmarksbeite i delar av området. Ei utbygging her vil bidra til ei auking i klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktryggleik	3	0	Ingen relevans	Området ligg sentralt i tilknytning til sentrale utfartsårer. Det er forhaldvis gode gangtilhøve til sentrale målpunkt, slik at ein utbygging her truleg ikkje vil føre til vesentleg auke i intern biltrafikk. Trafikktryggleiken og kryssing av fylkesvegen bør vere eit sentralt tema ved ei utbygging her.
Teknisk infrastruktur	3	0	Positiv	Byggjer oppunder eksisterande infrastruktur.
Folkehelse	2	0	Ingen relevans	Området i bruk til friluftsliv, rekreasjon for nokre personar. Eksisterande fritidsbustad i området. Delar av område brukast til innmarksbeite sommarstid. Målpunkt for tur/ski/friluftsliv for folk flest ville ikkje verte særleg forringa ved ei vidare utbygging her. Ein vil antakeleg heller ikkje få nye målpunkt for folk flest.
Målpunkt for barn og unge	1	-1	Usikker	Området er ikkje i bruk av barn og unge/barnefamiljar i dag. Ei utbygging her vil antakeleg ikkje gi nye målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-1	Usikker	Bekkeløp i området munnar ut i eit område for lausmasseskred utanfor område. Ein må vera



				varsamt med ei gjere endringar i bekkeløp som kan påverke områda nedanfor.
--	--	--	--	--

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området har ei **sentralt plassering**, som det i **lita grad er friluftsiinteresser** knytt til. Området er viktig for estetikken av landskapsrommet og blir vurdert at vere **spesielt viktig som kulturlandskapsområde for den tidlege turismen** på Lifjell. Ei fortetting her bør skje med bakgrunn i dette. **Delar av området er innmarksbeite**. Ein bør ikkje omdisponere landbruksareal, her innmarksbeite, til fritidsbustad. I alt **tre bekkeløp i området** munnar ut i Torillbekken, som ein del av eit større bekkefelt med miljømål om svært god økologisk tilstand. Ved ei fortetting her er det viktig at ein **oppretthald kantvegetasjonen** rundt tilløpa og sikrar ein naturleg buffersone mot bygningar. Området er bratt, noko som gjer at etablering av ein hyttefelt her med tilhøyrande infrastruktur ville medføre omfattande inngrep. Det vil truleg også verre svært kostbart. Det er **registrert fleire naturtypar i området (rik gransumpskog, slåttemyr, høgstaudegranskog og naturbeitemark)**. Planlagt inngrep i desse naturtypane bortsett frå naturbeitemark (siste vert vudert med svært lav lokalitetskvalitet) vil gi grunnlag til innsigelse frå overordnet myndighet. Det er naudsynt med ein buffersone på 30-50 meter rundt desse for å sikre negativ påverknad frå ei eventuell utbygging. **Om ein skal ta omsyn til kantvegetasjonen, naturtypar med buffersone og innmarksbeite, er det ikkje tilstrekkeleg areal igjen til bygningar.**

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilråast.

ROS innspel nr. 34/38-2 – gnr./bnr. 9/38

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Påkøyring av mjuk trafikant	Middels	Middels	Låg	Låg	Ved ei påkøyring av mjuke trafikantar kan helsekonsekvensen vere fatal.
Trafikkulykke	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
<u>Oppfølging i plan:</u>					




- Legg til rette for gode moglegheiter for gonge frå/til sentrale målpunkt for å redusere talet på mjuke trafikantar på Fv3332. Fartsdempande tiltak ved vegkryss.
- Redusere fartsgrensa der det er mange avkøyringar frå/til Fv3332





7.7 Jønnebulia, gnr./bnr. 9/38, 9/200 og 9/201, innspelsnr. 34/38-3

				<p>Område: Jønnebulia Areal: 15 daa Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Open fastmark, naturbeitemark. fritidsbustad Kommuneplan: LNF, fritidsbustad, veg Reguleringsplan: Skitrekk og løypenedfart, Lifjell (04_12_1993)</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	2	-2	Delvis negativ	Delar av området mot vegen ligg i støysone til Fv3332. Vegstøy i området må påregnast, men er av mindre omfang. Det er registrert ein utvald naturtype (NIN) i området, naturbeitemark som er truga av gjengroing. Ein utbygging i dette område vil har negative konsekvensar for naturområdet..
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Ligg i område med beiterett, streifbeiting kan finne stad. Området har mindre å seie for beitenæringa.
Naturmangfald	2	-2	Delvis negativ	Det er registrert ei truet naturtype av typen naturbeitemark i området. Naturtypen vert registrert med lav lokalitetskvalitet. Ei utbygging her ville har negative konsekvensar for den registrerte naturtypen, sidan den omfattar omtrent heile området. Siden lokaliteten har lav kvalitet vurderes omfanget av planlagt tiltak å være på nestlavest nivå og ikkje lavest nivå. Naturtypen her av typen naturbeitemark er truga av gjengroing. Det ville vere naudsynt med tiltak her for å hindre gjengroing.





Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Usikker	Ligg innanfor verna vassdrag klasse II. Det er fleire bekkeløp i området. Det er usikkert om nokon av desse har årsikker vassføring.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrerte kulturminne i området. Ei utbygging her vil ikkje verke inn på registrerte kulturminne/-miljø,
Landskap	2	0	Ingen relevans	Området ligg eksponert mot viktige utfartsområde og har noko estetisk verdi for landskapsrommet. Ei utbygging her kan tilpassast landskapsrommet.
Friluftsliv	2	0	Ingen relevans	Området ligg i nærleiken til sentrale utfartsområde, men er i liten grad brukt til friluftsliv i dag.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Ei utbygging her påverka ikkje eksisterande energiproduksjon. Ved ei utbygging her kan ein leggje til rette for alternative energiformer.
Klimagassutslepp	1	0	Ingen relevans	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar (sjå 6.). Området ligg sentralt og det bør kunne leggjast til rett for gange til sentrale målpunkt på Lifjell.
Transportbehov og trafikktryggleik	3	0	Ingen relevans	Området ligg sentralt i tilknytning til sentrale utfartsårer. Det er forhaldvis gode gangtilhøve til sentrale målpunkt. Trafikktryggleiken og kryssing av fylkesvegen bør verre eit sentralt tema ved ei utbygging.
Teknisk infrastruktur	3	0	Positiv	Bygger oppunder eksisterande infrastruktur.
Folkehelse	1	0	Ingen relevans	Området er lite brukt til friluftsliv/rekreasjon eller universell utforming i dag. Om ei utbygging her vil gi folk flest fleire målpunkt for tur/ski og/eller friluftsliv er usikkert. Næraste registrerte fotrute ligg omlag 800 meter unna tomte. Dersom ein ikkje brukar bil må ein gå langs hovudvegen til målpunktet.





Målpunkt for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Området er i lita grad tilgjengeleg for barn og unge/barnefamiljar i dag. Ei utbygging her kan gje barn og unge nye målpunkt om ein legg til rette for det.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Ingen aktsemdsområde. God tilkomme.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området ligg sentralt i forhold til målpunkt for friluftsliv og reiseliv på Lifjell. Ei utbygging her vil sannsynlegvis ikkje bidra til auka intern biltrafikk, om ein legg til rette for gode gangveggar. Det verkar heller ikkje at ei utbygging her vil komme i konflikt med eksisterande interesser for friluftsliv, barn og ungar og/eller reiseliv. **Området ligg svært sentralt i delvis slakt terreng.** Ved ein utbygging her bør ein leggje til rette for nye målpunkt for friluftaktivitetar (til dømes for barn/unge og/eller grupper med nedsett funksjonsevne). **Området ligg sentralt og delvis eksponert.** Det vil verre viktig at ta omsyn til estetikken og landskapet ved ei utbygging her. Ny kommunedelplan vidarefører derfor føresegnene om landskap og estetikk til ny kommunedelplanen. I det meste av området er det registrert **naturbeitemark (NIN-naturtype)**. Naturbeitemark er ein sårbar naturtype med ein sentral økosystemfunksjon. Området vert vurdert med lav lokalitetskvalitet med bakgrunn i gjengroing. Ein planlagt utbygging her gir grunnlag til innsigelse frå overordna myndighet. Det er naudsynt med tiltak i området som motvirker gjengroing. Men ein vil ikkje kunne ta omsyn til naturtypen ved ein utbygging her. Det er planlagt bygging av ein skitrekk i delar av naturtypen i nord, noko som også kan forringe kvaliteten til naturtypen. Området ligg nærmest fylkesvegen og annan veginfrastruktur. Det framstår som lite attraktiv som naturbeiteområde, men kan kanskje nyttast til husdyrbeite.

Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 34/38-3 – gnr./bnr. 9/38,9/200,9/201

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Påkøyring av mjuk trafikant	Middels	Middels	Låg	Låg	Ved ei påkøyring av mjuke trafikantar kan






					helsekonsekvenser vere fatal.
Trafikkulykke	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
<u>Oppfølging i plan:</u> <ul style="list-style-type: none">• Legg til rette for gode moglegheiter for gange frå/til sentrale målpunkt for å redusere talet på mjuke trafikantar på Fv3332. Fartsdempande tiltak ved vegkryss.• Redusere fartsgrensa der det er mange avkøyringar frå/til Fv3332					





7.8 Solskindsdalen, gnr./bnr. 9/166, innspelsnr. 5

	<p>Område: Solskindsdalen Areal: 1,3 då Føremål: Fritidsbustad (1) Eksisterende arealbruk: Barskog Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen</p>			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	1	-1	Delvis negativ	Grensar mot støysone for Fv3332. Støy frå fylkesvegen kan påverke ei eventuell utbygging, men vil ikkje være av særleg omfang. Kan koplast på offentleg infrastruktur.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	0	Ingen relevans	Beiterett i område, streifbeiting kan skje. Men området har mindre å seie for beitenæringa
Naturmangfald	2	0	Ingen relevans	Ingen naturtypar vert registrert i området. Gamal granskog cirka 60 meter vest for området. Men det vurderast at bygging av ein enkelt fritidsbustad her ikkje vil har negative konsekvensar for denne naturtypen.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Ligg innanfor verna vassdrag klasse II. Ei utbygging her kjem ikkje i konflikt med verneverdiane.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrerte kulturminne i området. Ei utbygging vil ikkje komme i konflikt med kulturminne eller miljø.
Landskap	1	0	Ingen relevans	Området ligg mellom eksisterande busetnad og veginfrastruktur med lite estetisk verdi for landskapsrommet. Terrenget er bratt nedanfor kote 692. Utbygging her vil føre til store landskapsinngrep, men truleg relativt lite dominerande likevel.
Friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Området er ikkje registrert som verdifullt friluftsområde. Det er ikkje kjennskap til at området har noko





				verdi som nærfriluftsområde, men er nært knytt til utfartsområdet Solskinnsdalen. Tiltak her vil sannsynlegvis påverke lokalt friluftsliv eller reiseliv i låg grad.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon. Alternative energiformer kan brukast ved ei utbygging. Området har dårlege solforhold.
Klimagassutslepp	2	-1	Usikker	Noko skog i området, men området er lite (sjå 6.). Ligg i nærleik til sentrale målpunkt som mogleggjer gange frå og til desse. Ei utbygging av område kan auke klimagassutslepp, men omfanget vurderast å vere svært lite på grunn av storleiken på tiltaket.
Transportbehov og trafikktryggleik	2	0	Ingen relevans	Sentralt plassering i forhold til viktige målpunkt knytt til friluftsliv og reiseliv, men i mindre grad tilrettelagt for gange. Naudsynt med kryssing av fylkesveg.
Teknisk infrastruktur	3	0	Positiv	Infrastruktur i orden.
Folkehelse	2	0	Ingen relevans	Området grensar mot støysone til fylkesveg, området kan ha ein viss funksjon som buffer mot veg/ fritidsbusetnad i dag. Det vurderast at tiltak her ikkje vil minke kvaliteten for friluftsliv og opplevingar for folk flest.
Målpunkt for barn og unge	1	-1	Usikker	Ikkje kjennskap om målpunkt for barn og unge i området. Tiltak her vil ikkje råke målpunkt for barn og unge, men heller ikkje gje barn og unge nye målpunkt.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Ingen kjend fare knytt til området. God tilkomst.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Tiltak i området her råkar ikkje eksisterande verdiar knytt til friluftsliv eller reiseliv. Det er føresett at tiltaket gjennomførast utanom støysona til fylkesveg og at ein opprettheld ei sone med naturleg vegetasjon mot eksisterande bygningar og veginfrastruktur. Terrengingrep bør ikkje vere større enn nødvendig for å oppføre ein enkelt fritidsbustad.

Konklusjon:





Tiltaket tilrådest.

ROS innspel nr. 5 – gnr./bnr. 9/166

Sårbarheit: Låg

Eksisterande barrierar: Ingen

Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Flaum/overvann	Låg	Låg	Låg	Låg	Ligg i randsona til flaumaktsemdsomsråde


Uvisse: Det er uvisst korleis klimaendringar påverkar flaumområdet

Oppfølging i plan: Krav om utgreiing av flaumfare i byggesak og/eller reguleringsplan, dersom det blir planlagt for bygging i flaumaktsemdsomsråde.





7.9 Torilstull, gnr./bnr. 10/121, innspelsnr. 27

				<p>Område: Torilstull Areal: 1,5 då Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Uproduktiv skog Kommuneplan: Næring Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	1	-2	Delvis negativ	Ligg i støysone til Fv3332. Her bør ein ikkje byggje ein fritidsbustad. Området ligg direkte ved toppen av skitrekket. Ein må rekne med støy både frå vegen og frå skitrekket i dette området.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	0	Ingen relevans	Beiterett i området, streifbeiting kan skje, men området har mindre å seie for beitenæringa.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte naturtypar i området. Ei utbygging vil ikkje ha konsekvens for viktige naturverdiar i området eller i nærleiken.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Innanfor verna vassdrag klasse II. Ei utbygging her vil ikkje ha konsekvensar for vassdrag eller lausmasseressursar .
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrerte kulturminne i området. Utbygging av dette området vil ikkje verke inn på kulturminne eller miljø.
Landskap	1	-2	Delvis negativ	Området har lite estetisk verdi for landskapsrommet. Området er relativt bratt og føre til synlege landskapsingrep ved bygging her.





Friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Området er tresett og ligg mellom fylkesveg og toppen av eit skiheisanlegg. Området har ingenting å seie for friluftsliv i dag, berre for dei som brukar hytta. Dei vil få kort veg til skiheisen, som er ei positiv verknad.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon.
Klimagassutslepp	2	-1	Delvis negativ	Ei utbygging her vil medføre auke i klimagassutslepp, men området er liten. Det er moglegheiter for gange frå/til skisenter, men det er ikkje tilrettelagt for gange til andre sentrale målpunkt på Lifjell.
Transportbehov og trafikktryggleik	1	-3	Einsidig negativ	Området har ikkje vegtilkomst. Det er heller ikkje planlagt framtidig utbygging av veg eller parkering, til og inn i området.
Teknisk infrastruktur	1	-3	Einsidig negativ	VA og stram i nærleiken, men ikkje i området (moglegheiter for tilkopling er usikre). Ikkje vegtilkomst til området.
Folkehelse	1	0	Ingen relevans	Området er ikkje i bruk til friluftsliv/rekreasjon i dag. Ei utbygging med eit fritidsbygg her vil ikkje gjere området meir tilgjengeleg for folk flest.
Målpunkt for barn og unge	1	-1	Usikker	Området har ingen bruk av barn og unge/barnefamiljar i dag. Ei utbygging her bidra heller ikkje til nye målpunkt for denne målgruppa.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Ingen aktsemdsområde. Området har ikkje tilkomst

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området har ikkje vegtilkomst. Det er heller ikkje planlagt tilkomst til området. Ei utbygging her vil antakeleg krevje ei ny avkøyring frå fylkesveg og utfordre trafikktryggleiken i området. Store delar av området ligg i **støysona** til fylkesveg og i **nærleik til heisanlegg**. Området kan vere **støyutsett** frå både veg og heisanlegg. Nærleiken til toppen av heisanlegget kan også påverke tryggleiken negativt. Omdisponering frå næring til fritidsbustad kan truleg også føre til konflikt for den næringa som området vert sett av til.





Konklusjon:

Tiltaket kan ikkje tilrådest.

ROS innspel nr. 27 – gnr./bnr. 10/121

Sårbarheit: Middels

Eksisterande barrierar: Ingen


Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Trafikkulykke	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
Ulykke i heisområde	Låg	Middels	Låg	Middels	Det er kort veg frå tomta til toppen av heisen. Ferdsel her når heisen er i bruk kan medføre ulykke.

Uvisse: Det er ikkje illustrert noko tilkomst til denne tomta. Ei ny avkøyring frå fylkesvegen vil auke sannsyn for trafikkulykke.

Oppfølging i plan: Unngå nye avkøyringar frå fylkesveg for å få tilkomst til denne tomta.



7.10 Gamle skistall, gnr./bnr. 18/6, innspelsnr. 45

				Område: Gamle skistall Areal: 0,4 då Føremål: Offentleg eller privat tenesteyting (foreningshus). Eksisterande arealbruk: LNF/spreitt fritidsbustad Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: FV 153 v/Lifjell hotell og Vårbusvingen – Gapet (04_13_1993)
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	1	-2	Usikker	Området er utbygd. Delar av eksisterande busetnad ligg i støysone til Fv3332. Eit foreningshus, som eksisterande bygg ønskast ombygd til, er ikkje meint til varig opphald. Delar av området har vore i bruk som eit massedeponi når vegen vart bygd. Det er mogleg at det er ureining i grunnen her.
Jordvern og sikring av beiteressursar	1	0	Ingen relevans	Området er allereie utbygd. Foreslått føremålsending vil ikkje påverke beiteressursar eller jordressursar.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ei ombygging av eksisterande bygg/erstattingsbygg vil ikkje påverka naturmangfald.
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Ei ombygging av eksisterande bygg vil ikkje ha konsekvensar for vass- eller lausmasseressursar
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen kjende kulturminne i området. Bygget på området kan ha ein lokalhistorisk verdi som tidlegare skistall. Eksisterande bygg treng omfattande renovering.
Landskap	2	2	Positiv	Området ligg delvis eksponert. Eksisterande bygg treng vedlikehald. Ei ombygging av eksisterande bygg



				kan verre positiv for estetikken i dette landskapsrommet.
Friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Området har inga tilknytning til sentrale friluftsområde.
Energiproduksjon	1	1	Positiv	Påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon. Ved ei rehabilitering av eksisterande bygg vil ein kunne leggje til rette for alternativ energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	1	0	Ingen relevans	Området er allereie utbygd. Klimagassutslepp av omdisponering av naturområde er derfor ikkje relevant. Utslepp vil vere knytt til transport og byggjetiltak. Siste vert ikkje vurdert her.
Transportbehov og trafikktryggleik	2	-1	Usikker	Området ligg i gangavstand til nokre område med fritidsbustader, men utanfor gangavstand til sentrale målpunkt på Jønnebu. Ei foreinings- og forsamlingslokale her kan bidra til auka intern biltrafikk.
Teknisk infrastruktur	2	-1	Usikker	Området ligg ved sida av fv3332 og ein eksisterande avkøyring med tilhøyrande parkeringsplass. VA og straum i nærleiken (<100 meter).
Folkehelse	1	0	Ingen relevans	Området er ikkje brukt til friluftsliv/rekreasjon i dag.
Målpunkt for barn og unge	1	1	Positiv	Ingen målpunkt for barn og unge i området i dag. Eit foreiningshus kan gje barn og unge nye målpunkt.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Ingen aktsemdsområde. God tilkomst.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området er allereie utbygd. Foreslått føremålsendring vil opne opp for endring og utviding av eksisterande busetnad. Eksisterande bygg treng omfattande vedlikehald og verkar lite estetisk i landskapsrommet. Ei ombygging av eksisterande bygg kan vera positiv for estetikken av bygget i landskapsrommet, og dessutan leggje til rette for bruk av alternative energiformer. **Føresegnene må sikra at eventuell ureining frå tidlegare massedeponi vert tilstrekkelig utgreidd og handsamat**

Konklusjon:

Tiltaket kan tilrådest.






ROS innspel nr. 45 – gnr./bnr. 8/6					
Sårbarheit: Ingen					
Eksisterande barrierar: Ingen					
Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Ingen					
Uvisse: -					
Oppfølging i plan: -					



7.11 Vinterland, gnr./bnr. 9/38, innspelsnr. 15

				Område: Vinterland Areal: 1,8 då Føremål: Næring (utviding av skisenterbygg) Eksisterende arealbruk: Open fastmark, vart bruka mykje i tillknytning til akebakken. Kommuneplan: Sentrum Reguleringsplan: Ingen
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	1	0	Ingen relevans	Området ligg i tilknytning til eksisterande næringsbygg (skisenter). Ei utviding av eksisterande bygg her vil i liten grad påverke støyfølsamt aktivitet utanfor området.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-1	Delvis negativ	Området har beiterett. Streifbeiting kan finne stad. Det er mykje ferdsel i dette området, noko som gjer at området har mindre å seie for beitenæringa.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte naturtypar i området eller i nærleiken.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Området ligg i verna vassdragsområde klasse II. Ei utbygging her vil ikkje har konsekvens for vass- eller lausmasseressursar. Og kjem helle ikkje i konflikt med verneverdiane i verna vassdragsområde klasse II.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen kjente kulturminne-/miljø i dette området. Ei utbygging her vil ikkje verke



				inn på registrerte kulturminne/-miljø
Landskap	2	-2	Delvis negativ	Området ligg ved hovudparkeringsplassen på Jønnbu og ligg eksponert. Området har noko estetisk verdi for landskapsrommet med typiske kvalitetar for området. Området ligg på ein liten kolle, ei utviding av eksisterande bygg her vill medføre større terrenginngrep.
Friluftsliv	2	-2	Delvis negativ	Området ligg svært sentralt mellom ein svært populær akebakke og skianlegget. Det er bratt frå parkeringsplassen/eksisterande busetnad opp mot ein liten kolle. Ei utbygging her vil øydeleggje kollen som kan vere eit naturleg utsiktspunkt. Kollen nyttast særleg på vinterstid som opphaldsstad og aking. Fleire slike småområder er dei seinaste åra bygd ned.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Ei utbygging her påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon og vil kunne leggje til rette for bruk av alternative energiformer.
Klimagassutslepp	1	0	Ingen relevans	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar, men ligg i tilknytting til myrområde. Det anbefalast ein buffersone mot myrområde på 15 meter. Ei arealbruksendring her vil ikkje auke utslepp knytt til transport til og frå.
Transportbehov og trafikktryggleik	3	0	Positiv	Området ligg sentralt i nærleiken til hovudparkeringsplassen på Jønnbu.





Teknisk infrastruktur	3	0	Positiv	Bygger opp under eksisterende infrastruktur.
Folkehelse	2	-2	Delvis negativ	Ein liten kolle i dette området er ei viktig utsiktspunkt for folk flest. Området ligg i nærleik til hovudparkering på Jønnbu og nyttast særleg vinterstid av tilskodar/besøkande ved Vinterland.
Målpunkt for barn og unge	2	-2	Delvis negativ	Området gir god utsikt over skianlegget og er eit populært opphaldsstad vinterstid i samband med drift i skianlegget. Området kan også være eit fint lite utsiktspunkt for barnefamiliar utanom skisesongen, i nærleik til parkeringsplassen. Ei utbygging her kan medføre at eit utsiktspunkt med lav terskel blir borte.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	God tilkomst. Ingen aktsemdsområde.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ei utbygging i dette området vil sannsynlegvis medføre store terrengingrep her. Det er ein liten kolle i området som gir utsikt utover skibakken og eksisterande bygg. **Det er eit populær opphaldsstad i skisesongen.** Også resten av året kan plassen vere eit fint og lett tilgjengleg utsiktspunkt. Ved inngrep i denne kollen, bør ein erstatte møteplassen.

Konklusjon:

Tiltaket kan tilrådest. Men ved ei utbygging her, bør ein erstatte eksisterande utsiktspunkt med et likeverdig tilbudd (eit uteområde med gode kvalitetar og tilgjenge). Inngrep i ein buffersone på 15 meter frå myrområde i vest må unngåst.

ROS innspel nr. 15 – gnr./bnr. 9/38

Sårbarheit: Ingen

Eksisterande barrierar: Ingen


Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Ingen					
Uvisse: -					



Oppfølging i plan: -

7.12 Kalveliane, gnr./bnr. fleire, innspelnr. 6 og 44

Gnr./bnr.: 9/38, 9/113, 9/125, 9/131, 9/132, 9/135, 9/140, 9/142, 9/144, 9/156, 9/157, 9/158, 9/165, 9/171, 9/172, 9/173, 9/184, 9/193, 9/194, 9/196, 9/205, 9/226, 9/227, 9/231, 9/438, 9/439, 9/440, 9/441, 9/442, 9/443, 9/445, 9/446, 9/447, 9/448, 9/449, 9/450

		<p>Område: Kalveliane Areal: 107 då Føremål: Fritidsbustad Eksisterande arealbruk: Fritidsbustad, svært mykje brukt tilkomst til løypenett, populær akebakke, barskog Kommuneplan: Turdrag, fritidsbustad, LNF Reguleringsplan: 04_26_2001 Jønnbu, del av Kalveliane</p>		
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	2	-2	Delvis negativ	Viktig naturtype i utkanten a området. Ei utbygging her kan føre til utslepp som kan påvirke naturtypen negativt. Det er fritidsbustader i området i dag. Ei vidare utbygging kan medføre sjeneredne støy for brukare av eksisterande fritidsbustader.
Jordvern og sikring av beiteressursar	2	-2	Delvis negativ	Streifbeiting kan forekomme i området. Utmarksbeite kan bli råka, men området har mindre å seie for beiteverksemd på Lifjell. Det er et område som er brukt til husdyrbeite (hest) nord i område (per i dag regulert som parkeringsområde).
Naturmangfald	2	-1	Delvis negativ	Eit mindre område med naturbeitemark registrert nord i området. Naturbeitemart er ein sårbar naturtype med sentral økosystemfunksjon. Lokasjonen har vert vurdert å ha lav kvalitet med bakgrunn i størrelsen på området og bruksintensiteten. Området vert brukt til hestebeiting under kartleggingen. Ei utbygging her ville har negative konsekvensar for den registrerte naturtypen,



				men området ligg i utkanten av innspelsområdet. Det vil vere mogleg at ta omsyn til naturtypen ved utbygging her. Utanfor innspelsområde i sørvest ligg ein område med gamle granskog. Området er allereie under press frå eksisterande bebbyggelse og infrastruktur. Det ligg bygningar i buffersona i sør, og veginfrastruktur i buffersona i nord og vest.
Vassressursar og lausmasseressursar	2	0	Ingen relevans	Innanfor verna vassdrag klasse II. I sør utanfor området ligg ein bekk med registrert flomaktsemdsområde som delvis rakker området. Det er tiløper til denne bekken som ligg i innspelsområde.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ikkje registrerte kulturminne i området.
Landskap	2	-2	Delvis negativ	Ei utbygging med fleire fritidsbustad og infrastruktur her gjer inngrep i landskapsrom med typiske kvalitetar (område med spreitt utbygging) for området. Området ligg i viktig utfartsområde sommar- og vinterfriluftsliv.
Friluftsliv	3	-3	Einsidig negativ	Ei utbygging her kan øydeleggje eit samanhengande løypenett og svekkje kvaliteten til eit viktig friluftslivsområde.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Bruk av alternative energikjelder mogleg ved ei utbygging. Ikkje energiproduksjon i området.
Klimagassutslepp	2	-1	Delvis negativ	Det er lite skog i området, samt ein mindre myrområde i sørøst. Det mest i området er open jorddekt fastmark. Rundt 25 % av arealet er bygd ut i dag. Nettoklimaeffekten per da ved ei vidare foretetting av området, vil sannsynlegvis vere lavere her enn om ein byggjer i noen av de andre foreslåtte områder (sjå 6.). Området ligg sentralt til mtp. tilkomst til løyepenettet og turområde.





Transportbehov og trafikktryggleik	2	0	Ingen relevans	Sentralt plassering i forhold til viktige målpunktar knytt til friluftsliv og reiseliv, men i mindre grad tilrettelagt for gonge. Naudsynt med kryssing av fylkesveg.
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	VA og straum i orden. Berre vegtilkomme sommarstid for ein stor del av området.
Folkehelse	3	-3	Einsidig negativ	Ei vidare fortetting her kan gjer målpunkt for ski for folk flest dårlegare tilgjengeleg. Ein svært mykje brukt akebakke kan bli utilgjenglig eller øydelagt.
Målpunkt for barn og unge	2	-2	Delvis negativ	Delar av skiløypa øvst i området er mykje brukt til aking og lek. Nedre delen av skiløypa mot fylkesvegen vert noko brukt av barnefamiliar til aking. Delen av skiløypa som kan bli ramma ved tiltak her er tilkomma til eit større løypenett, som er eit viktig målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Ingen relevans	Området ligg langs fylkesveg. På grunn av avstanden til fylkesveg vurderast framkomsten ved eventuell utrykking som god. Grensar i utkanten mot aktsemdsområde for flaum i sør.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Området har ei **mindre betydning for naturmangfald og klima** (dvs. CO² lagring i myr), men det er registrert **ein sårbar naturtype (naturbeitemark med lav lokalitetskvalitet)** av mindre størrelse nord i området. Planlagt inngrep i denne naturtypen gir grunnlag til innsigelse frå overordna myndighet. Det er heller **ikkje ein område som er sentralt for beitenæring**. Området er allereide delvis utbygd og ein fortetting her vil i mindre grad forringe beitekvaliteten, berøre viktige leveområder for dyr/planter sammenlignert med utbygging i eit urørt område. Ein vidare foretting her **ville kunne ha store negative konsekvenser for friluftsliv, folkehelse og barn og unge sine interesser**. I området er det ein svært viktig og mykje brukt tilkomst til løypenettet, samt at området har fleire områder som vert brukt til aking/lek. Disse ville kunne bli øydelagt ved ei vidare fortetting av området.

Konklusjon:

Tiltaket kan tilrådest, om det settast krav om felles planlegging for heile området, gjeldande reguleringsplan opphevast og det settast krav om at tilkomsten til løypenettet og kvalitetane



området har for friluftsliv og ulike brukergrupper ikkje forringast gjennom fortetting av området. Tiltaket kan tilråast, om området avgrensast slik at naturbeitemark ligg utanfor byggeformålet.

ROS innspel nr. 6 og 44 – gnr./bnr. fleire					
Sårbarheit: Ingen					
Eksisterande barrierar: Ingen					
Uønskt hending	Sannsyn (Høg – Middels – Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Trafikkulykke	Middels	Middels	Låg	Middels	Ikkje ulykkespunkt, men fleire trafikkulykker langs Fv3332.
Alvorleg sjukdom hos mennesker med pleiebehov	Låg	Middels	Låg	Låg	Heimeteneste kjem ikkje fram tidsnok på grunn av manglande tilkomst
<p><u>Oppfølging i plan, dersom arealformålet blir endra:</u> Legge til rette for gode moglegheiter for gonge frå/til sentrale målpunkt for å redusere talet på mjuke trafikantar på Fv3332. Fartsdempande tiltak ved vegkryss.</p> <p>Sette krav om tilkomstveg for eventuelle nye fritidsbustader</p>					

Vedlegg 1: Kunnskapsgrunnlag

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
Ureining og støy	<ul style="list-style-type: none"> Miljødata Støyvurderingar om tilgjengeleg 	<ul style="list-style-type: none"> Er det nye området utsett for ureining i form av støy, ljøs, utslepp, lukt, m.m.? Fører det nye føremålet til ureining i form av støy, ljøs, utslepp, lukt m.m.
Jordvern og sikring av beiteressursar	<ul style="list-style-type: none"> Område med beiterett Kartlegging av beitebruk i potensielle utbyggingsområde (dialogmøte med beitenæring) Kilden (NIBIO) https://kilden.nibio.no 	<ul style="list-style-type: none"> Vil tiltaket påverke innmarks- eller utmaksbeite?



Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none">• NIN-kartlegging av innspelsområder• Verneforskrift for verna vassdrag• Vassressurs lov om kantvegetasjon• Område regulert til naturverdiar etter PBL	<ul style="list-style-type: none">• Konfliktgrad i høve til direkte arealbruk, randeffekt og korridorar• Konsekvens for verna vassdrag
Vassressursar og lausmasseressursar	<ul style="list-style-type: none">• NGU lausmassekart• Granada nasjonal grunnvassdatabase• Vann-nett og vassmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Lausmasseressursar i området• Konflikt med drikkevasskjelder
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Uttak frå Riksantikvarens Kulturminnesøk• Kulturminne regulert etter PBL	<ul style="list-style-type: none">• Direkte arealkonflikt• Visuelle effektar i høve til kulturmiljø
Landskap	<ul style="list-style-type: none">• Topografiske kart• Ortofoto• Landskapskart• Hellingskart• 3D kart (kommunekart)	<ul style="list-style-type: none">• Konsekvensar for landskapsrom• Konsekvensar for det estetiske uttrykket i området• Visuell konflikt med omgjevnader (nær- og fjernverksand)
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegging av viktige friluftsområde• Tur- og løypekart• Kjente målepunkt for ulike brukargrupper	<ul style="list-style-type: none">• Konfliktgrad i høve til friluftsområde• Tilgang til friluftsområde• Konflikt i høve til ulike brukargrupper• Støy
Energiproduksjon/-bruk	<ul style="list-style-type: none">• Hellingskart	<ul style="list-style-type: none">• Potensialet for energieffektivitet ved tiltaket
Klimagassutslepp	<ul style="list-style-type: none">• Klimastatistikk/Klimaberekningsmodell frå Miljødirektoratet• Arealinformasjon frå Kilden	<ul style="list-style-type: none">• Vurdering av trafikkvekst og potensialet for fleire mjuke trafikantar





		<p>mellom interne målpunkt</p> <ul style="list-style-type: none">• Klimaeffekt av arealbruksendringer
Transportbehov og trafiktryggleik	<ul style="list-style-type: none">• Vegkart• Helsedirektoratet (https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/sektorrapport-om-folkehelse/trygge-og-helsefremmende-miljoer/tilgang-til-natur-og-rekreasjonsomrader-friluftsliv-og-idrett)	<ul style="list-style-type: none">• Avstand til interne målpunkt• Sentrale målepunkt på Lifjell inkluderer utfartspunkt og veger vidare inn mot parkeringar, hyttefelt og næringsområde.• Akseptabel avstand til sentrale målpunkt er opp til 300 meter. Helling, plassering og terreng er faktorar som har innverknad på vurderinga.• Er nye utbyggingsområdene trafikksikre (vegstandard, grønne korridorar, intern stig- og løypenett)?• Korleis bidreg utbyggingsområdene til trafikkavvikling?
Teknisk infrastruktur	<ul style="list-style-type: none">• VA-kart• Vegkart• Telemark energi. Kapasitet på straumnett	<ul style="list-style-type: none">• Avstand til offentleg VA-nett• Avstand til offentleg veg• Behov for ny teknisk infrastruktur





		<ul style="list-style-type: none">• Kapasitet på VA-straumnett
Folkehelse	<ul style="list-style-type: none">• Folkehelsebarometer• Folkehelseundersøkinga – Helse og trivsel i Vestfold og Telemark 2021• Hellingskart• Friluftsområde sett av etter PBL• Kartlegging av viktige friluftsområde	<ul style="list-style-type: none">• Moglegheiter for å gå og/eller sykle til målpunkt• Tilgang til nærturterreng• Potensiale for universell utforming• Bumiljø
Målpunkt for barn og unge	<ul style="list-style-type: none">• Kjente eksisterande målpunkt for ulike brukargrupper• Kartlegging av viktige friluftsområde	<ul style="list-style-type: none">• Konflikt med barn og unge sine interesser i området• Om den nye utbyggingsområde kan bidra til nye målpunkt
Samfunnstryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none">• Overordna ROS-analyse• Overvassimulasjon• ROS-analyse for arealføremål• Farekart NVE Atlas	<ul style="list-style-type: none">• Naturfare• Avstand til infrastruktur, blant dei tilkommeveg• Responstid





Vedlegg 2: Vurderingskriteria for verdi og omfang

Verdi	Vurdering
Ureining og støy	
1	Det er ingen spesielt sårbare resipientar eller støyfølsam aktivitet i nærleiken av området
2	Viktige naturtypar og/eller støyfølsam aktivitet registrert i utkanten av influensområdet
3	Området har ein viktig naturverdi, eller området har ein viktig funksjon for å unngå ureining, som t.d. bufferareal
Jordvern og sikring av beiteressursar	
1	Anna areal, ikkje beiteområde/beiterettar
2	Beite i delar av området/streifbeiting/området har mindre betydning for beite
3	Beite i vesentlege delar av området/området har stor betydning for beite
Naturmangfald	
1	Ingen raudlista artar eller NIN naturtypar i eller i nærleiken av området
2	Nærleik til raudlista artar, verneområde eller NIN naturtypar med svært lav eller lav lokalitetskvalitet
3	Raudlista artar og/eller NIN naturtypar med moderat, høy eller svært høy lokalitetskvalitet eller vern i området
Vass- og lausmasseressursar	
1	Ingen viktige grunnvassførekomstar eller vassområde i eller i nærleiken av området. Utanfor område med verna vassdrag.
2	Nærleik til sårbare vassområde eller viktige grunnvassførekomstar. Innanfor verna vassdrag klasse II
3	Viktige grunnvassførekomstar eller drikkevasskjelder i området. Innanfor verna vassdrag klasse III
Kulturminne- og kulturmiljø	
1	Det er ingen kjende kulturminne i området, og vurdert å vere lite potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne)
2	Det er vurdert å vere potensiale for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne). Det finst kulturminne av nasjonal og regional verdi i influensområdet
3	Det er kjende kulturminne i området med regional eller nasjonal verdi, eller vurdert å vere middels til stort potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne)
Landskap	
1	Området har lite eller ikkje eksponeringspotensiale mot utbygde område eller viktige utfartsområde. Området har lite estetisk verdi for landskapsrommet.
2	Området har delvis eksponeringspotensiale mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde eller kulturlandskap. Området har noko estetisk verdi for landskapsrommet.
3	Området har tydeleg eksponeringspotensiale mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde/eller kulturlandskap. Området er viktig for estetikken av landskapsrommet. Eksisterande bygningar har ein særeigen arkitektur eller er verna/SEFRAK-registrerte.
Friluftsliv	
1	Området ligg meir enn 2 km frå sentrale utfarsårer. Området er vanskeleg tilgjengeleg. Det er ikkje registrert som verdifullt friluftsområde.
2	Området ligg i nærleiken av sentrale utfarsårer, men er vanskeleg tilgjengeleg på grunn av terrengforhold. Området er registrert som verdifullt friluftsområde med verdi C





3	Det er mykje brukt friluftsområde i eller i tilknytning til sentrale utfartsårer. Området eignar som turområde for barn og unge, eldre, personar med funksjonsnedsetjing. Området er registrert som verdifull friluftsområde med verdi A eller B.
Energiproduksjon	
1	Ei utbygging påverkar ikkje eksisterande energiproduksjon, ingen energiproduksjon i dag.
2	Det er etablert tiltak for energiproduksjon i influensområdet.
3	Det er tiltak for energiproduksjon innanfor området.
Klimagassutslepp	
1	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar.
2	Delar av området er dekt med skog eller på annan viss bidra til binding av klimagassar.
3	Store delar av området er dekt med skog og/eller myr, eller har annan vesentleg verdi for binding av klimagassar.
Transportbehov og trafiktryggleik	
1	Området ligg ikkje i tilknytning til sentrale utfartsårer. Det er heller ikkje planlagt framtidig utbygging av veg eller andre trafikkarer i området. Det er meir enn 2 km mellom viktige målpunkt knytt til friluftsliv og reiseliv.
2	Området kan vere aktuelt for framtidig trafikkarer med tilknytning til sentrale utfartsårer. Det er mindre enn 2 km mellom viktige målpunktar knytt til friluftsliv og reiseliv. Det er i lita grad tilrettelagt for å gå
3	Området ligg i tilknytning til sentrale utfartsårer. Terreng og avstand gode tilhøve for gåing mellom viktige målpunkt knytt til friluftsliv og reiseliv.
Teknisk infrastruktur	
1	Området har ikkje offentleg VA i nærleiken, ikkje veg og straum til området. Og/eller grunnen er ueigna til infiltrasjon.
2	Området har planlagt offentleg VA i nærleiken, tilkomst og straum. Det er straum i området, men betydelege oppgraderingar må reknast med.
3	Området har tilkopling til offentleg VA eller ei utbygging av VA i området vil bidra til løysning av eksisterande VA utfordringar i området. Straumnett med god kapasitet og tilkomme i området.
Folkehelse	
1	Området er lite/ikkje i bruk til friluftsliv, rekreasjon eller universell utforming i dag. Området er ikkje brukt som buffer mot fritidsbusetnad, veg eller andre ulemper.
2	Området i bruk til friluftsliv, rekreasjon eller universell utforming for nokre få personar, men kan erstattast.
3	Området er mykje brukt til friluftsliv, rekreasjon eller universell utforming. Området fungerer som buffer mot fritidsbusetnad, veg eller andre ulemper. Området kan definerast som ein nærfriluftsområde og kan ikkje erstattast.
Målpunkt for barn og unge	
1	Området har ingen bruk av barn og unge/barnefamiliar i dag.
2	Barn og unge/barnefamiliar brukarar området noko, men det er ikkje tilrettelagt
3	Området er tilrettelagt for barn og unge/barnefamiliar, og/eller området blir svært mykje brukt av barn og unge/barnefamiliar.
Samfunnstryggleik og beredskap	
1	Området blir ikkje brukt i beredskapssamanheng. Ingen flaum-, skred- eller rasfare, eller aktsemdsområde for flaum, skred eller ras.
2	Det er viktige beredskapsfunksjonar i influensområdet til området. I kantsona til området med flaum-, skred- og rasfare eller aktsemdsområde for ras, skred eller flaum.
3	Området har funksjon som er viktig for beredskapen. Flaum-, skred- og rasfare eller aktsemdsområde for ras, skred eller flaum.





Omfang	Vurdering
Ureining og støv	
-3 til -2	Ei utbygging vil føre til utslepp av støv, støv, lukt eller bidra til forureining av vatn. Støvfølsam aktivitet i eller utanfor området vert direkte ramma av tiltaket.
-1 til 0	Det er lette tiltak i nærområdet som kan påverke utbygginga. Støvfølsam aktivitet i eller utanfor området vert i lita grad ramma av tiltaket.
1 til 3	Tiltaket vil ikkje sleppe ut støv, støv, lukt eller bidra til forureining av vatn. Tiltaket påverkar ikkje støvfølsam aktivitet.
Jordvern og sikring av beiteressursar	
-3 til -2	Ei utbygging vil direkte råke utmarksbeite eller innmarksbeite.
-1	Større, samanhengande utmarksbeite eller innmarksbeite blir råka.
0 til 3	Ei utbygging påverkar ikkje utmarksbeite eller innmarksbeite.
Naturmangfald	
-3 til -2	Ei utbygging vil råke raudlista artar og eller NIN naturtypar (-2=forringa, -3=sterk forringa)
-1	Ei utbygging kan få konsekvensar for raudlista artar, verneområde eller NIN naturtypar (noko forringa)
0 til 3	Ei utbygging vil ikkje ha konsekvens for naturverdiane i området, eller betre tilhøva.
Vass- og lausmasseressursar	
-3 til -2	Ei utbygging vil råke eit område med viktige lausmasseressursar, drikkevasskjelder eller kunne bidra til å eit vassdrag ikkje oppnår miljømålet. Ei utbygging vil komme i konflikt med verneverdiane i verna vassdragsområde klasse III.
-1	Ei utbygging kan få konsekvensar for utvinning av lausmasseressursar, drikkevatt eller forverre miljøstatus i eit vassdrag. Ei utbygging vil komme i konflikt med verneverdiane i verna vassdragsområde klasse II.
0 til 3	Ei utbygging vil ikkje ha konsekvens for verken vassressursar, lausmasseressursar eller miljøstatus til eit vassdrag. Ei utbygging kjem ikkje i konflikt med verneverdiane i verna vassdragsområde.
Kulturminne- og kulturmiljø	
-3 til -2	Området kjem i visuell eller fysisk konflikt med registrerte kulturminne/-miljø.
-1	Området kan kome i visuell konflikt med registrerte kulturminne/-miljø. Det er naudsynt med nærare vurderingar for å avgjere om området kan klarerast.
0 til 3	Utbygging av området vil ikkje verke inn på registrerte kulturminne/-miljø.
Landskap	
-3 til -2	Ei utbygging gjer inngrep i urørt landskapsrom eller i eit landskapsrom med spesielt gode kvalitetar.
-1	Ei utbygging gjer inngrep i landskapsrom med typiske kvalitetar for området
0 til 3	Utbygginga er tilpassa landskapsrommet eller har eit potensiale for å heve kvaliteten i området.
Friluftsliv	
-3 til -2	Ei utbygging tek i bruk friområde/leikeområde. Utbygginga vil øydeleggje eit friluftsområde eller svekkje tilgangen til friluftsområde for mellom anna barn og unge, eldre, personar med funksjonsnedsetjing.
-1	Ei utbygging kan ha negativ innverknad for friluftsområde. Tilgangen til friluftsområde kan bli minka.
0 til 3	Ei utbygging vil forbetre tilgangen til friluftsområde for mellom anna barn og unge, eldre, personar med funksjonsnedsetjing. Tiltaket er positivt for lokalt friluftsliv og reiseliv.
Energiproduksjon	





-3 til -1	Ei utbygging vil føre til eit auka energiforbruk samanlikna med tilsvarande utbyggingsføremål. Alternative energikjelder er ikkje aktuelle..
0	Ei utbygging kan leggje til rette for alternative energiformer som solcellepanel og vassboren varme.
1 til 3	Det er svært gode forhold for alternative energikjelder.
Klimagassutslepp	
-3	Ei utbygging fører til vesentleg auka biltrafikk frå utbyggingsområde til aktuelle målpunkt. Målpunkt kan vere til dømmes Lifjellstua, skianlegg, friluftsområder, akebaker, tursti, skiløyper og parkeringsområde. Området ligg utanfor gangavstand til aktuelle målpunkt. Arealbruksendringa ved ei utbygging aukar klimagassutslepp meir enn ei alternativ plassering av utbyggingsformålet.
-2 til -1	Enkelte målpunkt ligg innanfor gangavstand. Arealbruksendring ved ei utbygging aukar klimagassutslepp, men det er ikkje kjennskap til betre alternativ.
0 til 3	Utbygginga gjev gode tilhøve for å velje andre transportformer en bil. Det er gode moglegeiter for å gå. Ei arealbruksendring medfører ikkje auke i klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktryggleik	
-3	Det er dårlege gangtilhøve.
-2 til -1	Ei utbygging bidreg til auka biltrafikk frå/til sentrale målpunkt.
0 til 3	Det er gode gangtilhøve til sentrale målpunkt.
Teknisk infrastruktur	
-3 til -2	Ei utbygging vil ikkje kunne kople seg på offentleg VA-nett eller straum.
-1	Ei utbygging utløyser behov for utviding og vedlikehald av infrastruktur.
0 til 3	Infrastruktur i orden. Bygger oppunder eksisterande VA-nett, veg, straum.
Folkehelse	
-3	Ei utbygging gjer målpunkt for tur, ski og/eller friluftsliv for folk flest dårlegare tilgjengelege. Nærfriluftsområde blir utilgjengeleg eller øydelagt.
-2 til -1	Ei utbygging ville redusere kvaliteten på målpunkt for tur, ski og/eller friluftsliv for folk flest.
0 til 3	Ei utbygging vil gje folk flest fleire målpunkt for tur/ski og/eller friluftsliv. Tilgangen og kvaliteten på målpunkta blir vesentleg betra.
Målpunkt for barn og unge	
-3 til -2	Ei utbygging gjer målpunkt for barn og unge dårlegare tilgjengelege. Nærfriluftsområde blir utilgjengeleg eller øydelagt.
-1	Barn og unge får ikkje tilgang på nye målpunkt, men heller ingen målpunkt blir dårlegare. Ei utbygging råka ikkje ei nærfriluftsområde.
0 til 3	Ei utbygging vil gje barn og unge fleire målpunkt. Tilgangen til målpunkt blir vesentleg betra.
Samfunnstryggleik og beredskap	
-3 til -2	Det er flaum-, skred- eller rasfare i heile, eller delar av området. Området har funksjon som er viktig for beredskapen.
-1	Faren for ras, skred og flaum er usikker – ligg i randsone. Dårleg tilknytning til hovudferdselsåra, usikker og lang tilkommeveg eller responstid for utrykkingskøyretøy
0 til 3	Det er ingen kjend flaum-, skred- eller rasfare knytt til området. Området blir ikkje brukt i beredskapssamanheng. God tilkomst.

